

Lye forsamlingsstyre.

Sak: Instruks for ungdomspresten

Saksframlegg.

Styret har over ei tid samtala om kva ein ønskjer ungdomspresten skal gjera.

I følgje avtalen mellom Forsamlingsstyret og Time sokneråd er det forsamlingstyret som leiar ungdomspresten sitt arbeid. Det er grunn til å påpeika at forsamlingsstyret, i alle tilfelle i dei seinare åra, har vore lite aktive og dårleg har fylgt opp ungdomspresten sitt arbeid.

Det ligg føre ein instruks for ungdomsarbeider. Den er ikkje datert, men det står der at instruksjonen skal evaluerast årleg, første gang innan utgangen av januar 2005. Det er rimeleg å anta at instruksjonen då skriv seg frå tida kring årsskiftet 2003/2004. Det er ikkje råd å finna seinare reviderte utgåver.

Sidan då har det skjedd store endringar i befolkningsamansetninga på Lyefjell. Årskulla barn/unge har minka frå om lag 80 til om lag 40. Forsamlingstyret spør seg om det er rett å bruka same tidsressurs på halvparten så mange unge. Det er ikkje opplagt at det tar mindre tid å leia arbeid for færre ungdommar, men resurstilgang er vanlegvis knyt til talet på brukarar.

Forsamlingstyret ser og at det er trong for å styrka arbeidet for store barn. Tida 11-13 år er viktig. Forsamlingsstyret meiner det er viktig at denne gruppa får tilført ressursar.

Ut frå desse tankane ønskjer forsamlingstyret å revidera instruksjonen for ungdomsarbeidaren/ungdomspresten.

Framlegg til revidert instruks for ungdomsarbeidaren/ungdomspresten:

A Formål – ansvar – organisasjon og struktur.

1. Lye forsamling sin visjon er: *Me ønskjer at alle på Lye må verta betre kjende med Jesus Kristus.* Denne visjonen gjev retning for ungdomsarbeidet. Ungdomsarbeidet skal hjelpe dei unge til å bli verande i trua, hjelpe dei til teneste så dei vert styrka i trua og skapa rom der det er råd å koma til tru.
2. Lye forsamlingsstyre leier ungdomsarbeidaren/ungdomspresten sitt arbeid. Time kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar. Ungdomsarbeidaren/ungdomspresten har møterett i Lye forsamlingsstyre, samarbeider med soknepresten i Time, tar del i stabsfellesskapet på Time kyrkjekontor og prestefellesskapet i Jæren prosti.
3. Den primære målgruppa for ungdomsarbeidaren/ungdomspresten sitt arbeid er barn og unge frå 11 til nitten år. Ungdomsarbeidaren/ungdomspresten held god kontakt med barnearbeidet.
4. Ungdomsarbeidaren/ungdomspresten har ansvar for undervisning, forkynning og bøn mellom dei unge.

5. Ungdomsarbeidet skal byggjast opp av ulike grupper med praktiske oppgåver og åndeleg vekst som mål.

6. Forsamlingsstyret sørger for at det til ei kvar tid er ei ressursgruppe for ungdomsarbeidet. Gruppa skal vera ein stad der ungdomsarbeidaren/ungdomspresten kan søka råd, få praktisk hjelp til tenesta og åndeleg støtte. Ungdomsarbeidaren/ungdomspresten har sjølv eit ansvar for å vera med å rekruttera til denne gruppa. Soknepresten har møterett i gruppa.

8. Ungdomsarbeidaren skal vera medlem av Den norske kyrkja og dela kyrkja si tru og vedkjenning. Arbeidet vert gjort i samsvar med Lye forsamling sine mål og i lojalitet til forsamlingshuset sine lover.

B Arbeidsoppgåver.

Ungdomsarbeidaren skal:

- I samarbeid med ungdomane og ressursgruppa planleggja og arrangera fredagskvelden.
Fredagskvelden vert arrangert kvar fredag i skuleåret.
- Ta initiativ til og arrangera nyttårsfest for unge på forsamlingshuset.
- Ha ansvar for ulike arrangement som CRC, CM døgn m.m.
- Få i gang og støtte ulike grupper med særleg vekt på bibelundervisning og bøn
- Delta i konfirmantarbeidet.
- Oppmuntre til song- og musikkverksemd.
- Førebu og så langt tida rekk, ta del i turar
- Saman med andre leiarar, arrangere Juniorkro.
- Ta del i sundagskulen sitt arbeid med eit særleg ansvar for Alfakrøll
- Ha ansvar for ei gudsteneste i semesteret.
- Ha ansvar for og delta i leiartreninga i ungdomsarbeidet.
- Ha kontakt med, samarbeida med og støtta anna ungdomsarbeid på Lye
- Motivera til evangelisering, misjon og omsorgsarbeid.
- Samarbeide aktivt me anna ungdomsarbeid på Jæren.

Instruksen for ungdomsarbeidaren/ungdomspresten vert evaluert årleg i januar/februar og eventuelt revidert.

Stipulert arbeidstid.

Etter gjeldane tariffavtale er ungdomspresten si arbeidstid 35,5 timer pr. veke. Med frådrag av ferie og rørlege fridagar er arbeidsåret 45 veker = 1575 timar.

Ungdomsarbeidaren skal:

- I samarbeid med ungdomane og ressursgruppa planleggja og arrangera fredagskvelden.

Fredagskvelden vert arrangert kvar fredag i skuleåret.

*Aug1, sept 4, okt 4, nov 4, des 3, jan4, ,feb4, mar 4, april 3, mai 4, juni3 , 1 ekstra = 39 samlingar. Fri 7 samlingar. Arbeidstid m/førebuing (9tX32)+(5tX7)= **323timar***

- Ta initiativ til og arrangera nyttårsfest for unge på forsamlingshuset.

35,5timar

- Ha ansvar for ulike arrangement som CRC, CM døgn m.m.
- Få i gang og støtte ulike grupper med særleg vekt på bibelundervisning og bøn.

*I dag er dette bibelgruppe 5,5t X18 samlingar =**99timar***

- Delta i konfirmantarbeidet.

*16ons.kveldar a3t,førebuing16 a 1time, konfirmantcup37t, 2gudst og fest 27t = **129timar***

- Oppmuntre til song- og musikkverksemd.
- Førebu og så langt tida rekk, ta del i turar

*2helger a 37t + førebuing 3x8t = **98 timar***

- Saman med andre leiurar, arrangere Juniorkro.

*18 samlingar pr år, a4timat med førebuing=**72timar***

- Ta del i sundagskulen sitt arbeid med eit særleg ansvar for Alfakrøll

*På Lye er det sundagskule om lag 15 pr år. Me reknar med at ungdomspresten deltar 8 gonger pr år a 3timar og får førebuingstid og adminastronstid på 3 X8 timar = **48 timar***

- Ha ansvar for ei gudsteneste i semesteret.

*2x15timar =**30timar***

- Ha ansvar for og delta i leiartreninga i ungdomsarbeidet.

*Leiारfostring m/ungdomsstyret er stipulert til 4t pr veke =**180timar***

- Ha kontakt med, samarbeida med og støtta anna ungdomsarbeid på Lye.

Vanskeleg å stipulera tid. Går av restposten

- Motivera til evangelisering, misjon og omsorgsarbeid.

Dette har ikkje fått eiga tid men går inn i førebuing, leiartrening m.m.

- Samarbeide aktivt me anna ungdomsarbeid på Jæren.

Ikkje råd å rekne tid på. Ungdomspresten må sjølv sjå om han har tid til dette og om det kan spare tid på andre område. Felles arrangement kan redusera eigne arrangement.

*I tillegg kjem stabstid 157,5 timar, prestefellesskap 40 timar, samtaleid 225 timar = **422,5***

Totalt vert dette 1437 timar. Resten 138 timar vert å fordela på dei oppgåvene som ikkje har fått stipulert tid.

Konsekvensar.

- Ungdomspresten får fri ein av 4 helger. Frihelga skal vera ei helg utan møte. Forsamlingsstyret har ansvar for at det er ein vaksen som har ansvar for kvelden, men førebuing ligg framleis til ungdomspresten. Det er mogleg for samlingsstyret må tilsetja og løna ein person til dette. Det vil kosta inntil kr.12000 pr år.
- Fredagskvelden vert endra. Forsamlingsstyret ønskjer at fredagskvelden skal ha ei kjernetid frå 22:00 til 24:00. I kjernetida har ein fellesaktivitetar med vekt på formidling av trua. Frå 20:00 eventuelt 20:30 er samlingshuset ope. Det er råd å spela spel, danna ulike aktivitetsgrupper, ordna til for kvelden, m.m
- Juniorkro vert tilført resurs til gjennomføring og administrasjon. Ein ser føre seg at Juniorkro samlar seg før fredagskvelden overtar. For å samla ungdomspresten si arbeidstid bør Juniorkro ha samlingar same fredager som fredagskvelden har møte.
- Sundagskulen får hjelp til administrasjon og leiing av alfakrøll.
- Ungdomspresten får arbeidstid fram til 00:30 fredagskveldar. Det fører med seg at det vert mindre tid til prat og relasjonsbygging med dei eldste ungdomane utover natta. I spesielle høve kan noko samtaleid nyttast. Forsamlingsstyret drøfter med ungdomsstyret i kva grad samlingshuset skal vera ope for dei over 18 år etter kl.00:30. Dette vil krevja ein vaksen ansvarleg som og skal låsa.
- CRC, CM døgnet og liknande arrangement er det ikkje avsett eiga tid til. Forsamlingsstyret meiner desse arrangementa nokre gonger kan koma i staden for fredagskvelden. Dersom ein som ved CM døgnet, skal ha arrangementer gjennom heile døgnet finn samlingsstyret at ungdomspresten ikkje skal vera der heile døgnet. Bemanning må løysast saman i samarbeid

med ressursgruppa, ungdomstyret, ungdomspresten og forsamlingsstyret. Det skal til ei kvar tid vera ein vaksen ansvarleg til stades.

- Ungdomspresten må strukturera samtaletida si. Ungdomspresten skal ikkje vera tilgjengeleg alltid.
 - Ungdomspresten må byggja tenlege strukturar slik at praktiske oppgåver som innkjøp, handtering av pengar, kjøkkenteneste reinhald blir tatt hand om.
 - Ungdomspresten må rådføra seg med ressursgruppa og forsamlingsstyret dersom tida ikkje strekk til eller det kjem på spesielt tidkrevjande oppgåver. Forsamlingsstyret i samarbeid med ressursgruppa ser om det er mogleg å finna andre ressursar eller ta avgjerd om kva som skal verta ugjort.
-

Framlegg til vedtak:

Forsamlingsstyret støtter det framlagde forslaget til ny instruks (event. med følgjande endringar). Før endeleg vedtak samtaler forsamlingsstyret med ungdomstyret og ressursgruppa. (Det vert gjort klart kven som har ansvaret) Det er viktig å innhenta synspunkt ein før ikkje har drøfta eller teke omsyn til. Ein hentar og inn uttale frå prost og kyrkjeverje.

Forsamlingsstyret tar sikte på endeleg handsaming i neste møte.

(Dato 16.01.12)